

SKOLEN SKAL VÆRE
RETTFERDIG, IKKE
BASERT PÅ FLAKS.

FJERN EKSAMEN!



sosialistisk
ungdom

Fjern eksamen!

240 000 norske elevar vert pressa inn i sveitte gymsaler for å visa kva me kan. Dagsformen kan vera heilt avgjerande. Får du nervar, blir skikkeleg forkjølt, eller om det blir slutt med kjærasten dagen før, hjelper det ikkje om du har jobba knallhardt resten av året. Eksamenskarakteren tel likevel like mykje som andre karakterar på snittet ditt.

Eksamen er å spela lotto med framtida vår når snittkarakteren blir avgjort av kor heldig du er. Tilfeldigheiter og flaks avgjer kva slags studie du kjem inn på – det er urettferdig. Sosialistisk Ungdom meiner at det er kva du faktisk kan som skal avgjera kva for studiar du kan velja.

Det er på tide med ei rettferdig vurdering. Me krev ei mappevurdering der heile året og heile pensum tel.

Visste du at:

- Du har betre sjansar for å få ein god karakter om du blir vurdert etter lunsj der sensor har fått opp blodsukkeret sitt.
- Kva for ein sensor du får kan vera einaste skilnaden mellom ein 5'ar og 3'ar. Dette skjer i 14% av tilfella.
- Eksamen er eit eldgammalt system. Første eksamen var for 1 200 år sidan i Kina. Det er mildt sagt utdatert

BLI MED!

Bruk Vipps eller send SUMEDLEM + navn, adresse, fødselsdato og e-post til 2030 (50 kr)

Følg oss på Facebook: facebook.com/sosialistiskungdom

